



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
14.02.2022

Vår ref:
2019/18565

Dykkar dato:
13.12.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Offentleg ettersyn - Alver - (Lindås) - 188/701 - Kvassnesbakken - bustadføremål - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.12.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Kvassnesbakken. Formålet med planen er å legge til rette for oppføring av blokkbusetnad i form av «terrasserte bygg» med tilhøyrande funksjonar og infrastruktur. Det er planlagt for oppføring av 31 bueiningar, med parkeringsanlegg under bakken. Tal etasjar varierer frå 2 til 5. Felles uteområde er planlagd som eit stort tun i sør og eit mindre mot nord vest. Planforslag er i hovudask i samsvar med overordna plan.

Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren vurdere planen som godt gjennomarbeida, men vi har nokon merknader til handtering av støy.

Støy

Planarbeidet viser til støyretningslinjene T1442/2016 som grunnlag for planarbeidet. Desse støyretningslinjene er nyleg oppdatert og nye retningslinjer T-1442/2021 bør leggast til grunn for planarbeidet.

Det er utarbeida ein støyrapport som konkluderer med at berre ein mindre del av areal sett som uteoppahaldsareal og anna uteoppahaldsareal er støyutsett. Ein støyskerm på ein meter høgde langs veg kan skjerme dei utsette areala. Føresegn §3.3 b sikrar støyskerm for areal som skal vere uteoppahaldsareal. Vi vurderer at støy frå veg er godt nok handtert i planarbeidet.

Når det gjeld støy i anleggsperioden er det gjort lite på dette i støyrapporten, og det som står er ikkje følgt opp i resten av planarbeidet. Støyrapporten vurderer at pga kort avstand til nabobygg er det viktig med gode varslingsrutinar og kommunikasjon med naboor for å unngå støykonfliktar i bygge- og anleggsfasen.

T-1442/2021 er klarare på korleis støy frå anleggsarbeid skal handterast, enn førre støyretningslinje var. Om handtering av støy frå bygg og anleggsarbeid står det mellom anna i nye retningslinjer:



«Kommunen har ansvar for å påse at bygge- og anleggsstøy er omtalt i reguleringsplanen. Når det forventes overskridelser av grenseverdiene i tabell 4 bør det tas inn en bestemmelse i reguleringsplanen som setter krav om at det skal lages en plan for håndtering av støy i bygge- og anleggsfasen før igangsettelsestilatelsen gis. Det kan tas inn bestemmelser om at det skal gjøres støymålinger i bygge- og anleggsfasen. Kommunen kan også, med hjemmel i plan- og bygningsloven, pålegge måling som en del av tilsynet med bygge- og anleggsplasser. I større utbyggingsprosjekter hvor anleggsaktiviteten vil foregå over flere år, samt i byområder hvor det samtidig pågår flere bygge- og anleggsprosjekter, bør anleggstrafikken, når det er mulig, styres til egne anleggsveger.»

Vi forstår støyrapporten slik at det kan vere fare for at grenseverdiane for støy i bygge-anleggsperioden ikkje kan haldast. Statsforvaltaren rår til at kommunen følger opp T-1442/21 kapittel 6 i planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER